



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

28 NOV 2017

Høyanger vidaregåande skule

Sakshandsamar:

Jardar Trollebø
E-post: jardar.trollebo@sfj.no
Tlf.: 57 63 77 88

Vår ref.

Sak nr.: 15/10606-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

44954/17

Dykkar ref.

Dato

HØYANGER, 27.11.2017

FTU Sogn og Fjordane
Statens vegvesen, Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

17/145233-33
450

Søknad om tilskot 2018 Trafikktryggleiksarbeid

Skulen har dei siste åra gjennomført eit fast og godt opplegg rundt trafikktryggleiksarbeid som vi også ønskjer å fortsette med i 2018.

- 1) Førstehjelp ved trafikkulukker
 - Kva gjer ein dersom ein er fyrstemann til ulukkesstaden?
 - Meldingsrutinar
 - Sikring
 - Livreddande førstehjelp
- 2) Trafikkulukke i tunnel og brannfare
 - Kva gjer ein dersom ein kjem opp i ei ulukke i ein tunnel?
 - Korleis opptre dersom det lek drivstoff eller det er fare for lekkasje?
 - Korleis utviklar ein tunnelbrann seg?
 - Faremoment ved røykgass
 - Praktisk sløkking

For at alle elevane skal kunne handle rasjonelt er det viktig med god opplæring både i førstehjelp og brannsløkking ved bilbrann. Difor vil vi at alle elevar skal ha gjennomført praktisk sløkking med pulverapparat i løpet av skuletida.

Dei to fyrste aktivitetane vert på hausten i samband med kommunen si tryggleiksveke. Kostnad kr 15.000,-. For avgangselevane arrangerer vi eit tredje opplegg på våren.

- 3) Trafikk-Russ-Rus
I tillegg til samarbeidet med statens vegvesen og deira opplegg, inviterer vi politiet og Røde Kors som seier noko om forventningar og konsekvensar. Det er ingen kostnadar med dette.

På bakgrunn av dette søkjer Høyanger vgs. om kr 15.000,- i tilskot til planlagde aktivitetar i 2018.

Håper på positiv handsaming av søknaden.

Med helsing


Jardar Trollebø
avdelingsleiar

Besøksadresse:

Hjetland

Postadresse:

Pb. 249
6991 HØYANGER

E-post:

postmottak.hoyangervgs@sfj.no
Heimeside:
www.hoyanger.vgs.no

Telefon:

57637800

Bankgiro:

4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA